

5. Bøn ved døypefonten

Presten ber ei bøn etter at vatnet er slått opp i døypefonten.

6. Dåpshandlinga

Barnet (om det er fleire: kvart barn for seg) vert bore fram til døypefonten. Foreldra og fadrane reiser seg og går fram til døypefonten.

Liturg: Kva heiter barnet?

Den som ber barnet, seier førenamnet.

Liturg: Vil de at (førenamnet til barnet) skal døypast til namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande, og oppsedast til eit liv i den kristne forsakinga og trua?

Foreldre og fadrar svarar: Ja.

Liturg: Gud vare din utgang og din inngang frå no og til evig tid.

Eg teiknar deg med det heilage krossmerket, til eit vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han.

(Krossmerket vert slege frå panne til bryst, og deretter frå side til side.)

Liturg: Etter vår Herre Jesu Kristi ord og bod døyper eg deg til namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande.

(Medan dette vert sagt, auser liturgen med handa vatn over hovudet til barnet tre gonger.)

Liturg legg handa på hovudet til barnet og seier:

Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin Heilage Ande, gjort deg til sitt barn og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrkje og deg med sin nåde til det evige liv. Fred vere med deg..

7. Tenning av dåpslys

Lystenning for barnet.

Dåpsfylgjet går ned og set seg

8. Dåpsformaninga

Liturg: Vil foreldre og fadrar reisa seg.

De er vitne om at desse borna er døypte med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for dei, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Praktiske opplysningar:

- Vi vil gjerne at nokon frå dåpsfylgjet (faderar, sysken, besteforeldre eller andre) er med og les ein eller to av tekstane om dåp.

- Born som er med i dåpsfylgjet kan hjelpe til med å tørke dåpsbarnet på hovudet og/eller tenne lys for dåpsbarnet.

- Vi vil gjerne ha eit elektronisk bilete av dåpsbarnet, biletet vil bli vist på storskjerm under gudstenesta.

- I dei aller fleste gudstenestene er det no eit eige opplegg for born under siste del av gudstenesta, foreldra eller andre kan fylgje borna på opplegga.

- Det er greitt med fotografering under dåpen, så lenge ein tek bilete/video frå der ein sit. Etter gudstenesta er det høve til å fotografere så mykje ein ønskjer.

Ta gjerne kontakt med den presten som skal ha gudstenesta dersom det er noko meir du lurar på:
Erlend Lunde: Tlf. 932 25 868
Helge Standal: Tlf. 917 57 151



Sykkylven og Ikornnes kyrkje

Postboks 161
6230 Sykkylven
Åpningstider: Alle kvardagar frå kl. 1000 til 1400

Telefon: 70 24 69 00
E-post: sykkylven@kirkeserver.no
Heimeside: www.sykkylven.kyrkja.no

Informasjon

om

DÅP

i Sykkylven og

Ikornnes kyrkjer

www.sykkylven.kyrkja.no



Det er Jesus vi forkynner...
så vi kan føra kvart menneske fram til mognad i Kristus



Kol. 1, 28



Dåp – vegen inn i kyrkja



Det skjer et under i kirken større enn verden vet. Barnet får del i Guds rike, svøpt i hans kjærlighet.

Det er dåp. Namna til små barn i kvite dåpskjolar vert nemnd for første gong i kyrkjerommet.

Presten gjer korsteikn og

auser vatn over hovudet til dei som vert døypte. I

Den norske kyrkja vert dei fleste døypte som spedbarn, ofte i løpet av dei første tre månadene, men det er inga aldersgrense for dåp.

Konfirmasjonstida fører kvart år til at mange unge ønskjer dåp.

Dei døypte vert automatisk medlemmer i det kyrkjesamfunnet der dei vert døypte. Samstundes vert dei del av ein større fellesskap med alle døypte – den universelle kyrkja.

Dåpen har tradisjonar heilt tilbake til urkyrkja. I

Noreg står tradisjonen framleis sterkt. I Sykkylven vert dei fleste born døypte. De er velkomne til dåp, og denne brosjyra vil gje litt informasjon om praktiske ting knytt til dåpen.

Helsing Erlend Lunde/Helge Standal
Prestar i Sykkylven

Innhaldet i gudstenesta

Dåpen er ein del av ei gudsteneste, der vi er samla for å møte Gud. Han taler til oss gjennom sitt ord, vi kan vende oss til han med bøn, lovsong og tilbeding. Han møter oss og handlar med oss i dåpen og nattverden. Her er ei kort oversikt over dei ulike ledda i gudstenesta. Gudstenestane med dåp kan vere ulike, og andre ledd vil truleg vere med, men desse hovedelementa vil de som oftast kjenne igjen:

1. Klokkeringing
2. Preludium/Inngangsprosesjon m. dåpsborn(a) og foreldre (og evt. søsken)
3. Inngangsort/velkomst
4. Salme
5. Inngongsbøn, syndsvedkjening og Kyrie
6. Lovsong
7. Dåp
 - Innleiing
 - Takkebøn
 - Ordet om dåpen og trua
 - Forsakinga og trua (alle reiser seg)
 - Bøn v. døypefonten
 - Dåpshandlinga
 - Tenning av dåpslyset
 - Dåpsskyldnaden (foreldre og fadrar reiser seg)
 - Lovprising/avslutning av dåpen
8. Opplegg for ungane (etter dette går dei til eigne opplegg for dei ulike aldrar)
9. Tekstlesing
10. Salme
11. Preike
12. Salme
13. Forbøn/bønnevandring (her kan ein også tenne lys for dåpsbarnet eller andre ein tenker på)
14. Ofring
15. Avslutningssalme (vi står)
16. Velsigninga/3 x 3 slag
17. Postludium

Dåpsliturigen

1. Mottaking til dåp

I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande. Med takk og glede tek kyrkjelyden imot barnet/borna som i dag skal bli døypt/døypte i Guds hus. Gud har gjeve oss livet og skapt oss til fellesskap med seg. Etter sitt ord og sin lovnad tek Gud imot oss i dåpen og frelser oss frå synd og død. Vi blir sameina med Jesus Kristus til eit nytt liv og vi blir innlema i den kristne kyrkja.

For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. (Joh 3,16)

Lat oss høyre kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for dei:

Dei bar små born til han for at han skulle røra ved dei; mens læresveinane ville visa dei bort. Då Jesus såg det, vart han harm og sa til dei: "Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje; for Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, det seier eg dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det." Så tok han dei i fanget, la hendene på dei og velsigna dei. (Mark 10, 13-16)

Med takk og tru ber då vi borna våre til Herren i den heilage dåpen. Dei er fødde med menneskeslekta si synd og skuld, men i dåpen vert dei Guds born, fødde på nytt ved Den Heilage Ande.

2. Takkebøn

3. Ordet om dåpen og trua

Lat oss høyra vår Herre Jesu Kristi ord om dåpen og trua:

Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, med di de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. (Matt 28, 18-20)

4. Forsakinga og trua

(Alle reiser seg medan vi sei fram forsakinga og truvedkjeninga. Etter truvedkjeninga set alle seg igjen)